



Sakshandsamar: Åge Haavik

Referansar:

Råd, nemnder m.v.	Møtestad	Møtedato
Nemnd f. gudstjenesteliv	Oslo	19.04.2010
Kyrkjerådet	Oslo	27.-29.05.2010
Bispemøtet	Oslo	15.-16.06.2010

Saksdokument: Saksutgreiing

## Særskilte preiketekstar 2011-2012

### Samandrag

Kyrkjemøtet har delegert til Kyrkjerådet å fastsetja særskilte preiketekstar for kvart kyrkjeår. For kyrkjeåret 2011-12 skal ein etter planen ta i bruk ny tekstbok. Men for å vera på den sikre sida gjer NFG òg framlegg i høve til den noverande andre rekkja for kyrkjeåret 2011-12. Framlegget er utarbeidd etter same prinsipp som ein har nytta tidlegare år. Kyrkjerådet gjer sitt vedtak med føresetnad om at Bispemøtet sluttar seg til dette.

### Framlegg til vedtak

Særskilte preiketekstar for kyrkjeåret 2011-12 etter noverande andre rekkja vert vedteke i samsvar med framlegget.

## Saksorientering

### Bakgrunn

*Tekstane i kyrkjeåret* inneheld for kvar sun- og helgedag i kyrkjeåret to alternerande rekkjer med tekstar til dei tre lesingane i høgmessa. I tillegg til desse ordinære rekkjene inneheld boka for kvar dag eit fyldig utval av tilleggstekstar.

Preiketeksten i høgmessa er til vanleg lesinga frå evangeliet. For å skapa større variasjon enn det den årlege alterneringa mellom fyrste og andre rekkje gjev, og for å syta for at jamvel andre delar av Guds ord enn avsnitta frå evangelia vert utlagde i preika, gjer Kyrkjemøtet for kvart kyrkjeår vedtak om eit sett med særskilde preiketekstar (jf. kgl. res. 26/10-90). Frå og med 1/1-2001 har Kyrkjemøtet delegert til Kyrkjerådet å gjera vedtak om særskilde preiketekstar etter innstilling frå Nemnd for gudstenesteliv og uttale frå Bispemøtet (sak KM 6/00).

I regelen har ein gjort dette for om lag tolv sun- og helgedagar i kvart kyrkjeår. Desse særskilde preiketekstane kan vera ein av dei andre lesetekstane for dagen eller dei kan vera henta frå rekkja med tilleggstekstar.

Planen er at framlegg til ny *Tekstbok for Den norske kyrkja* vert lagt fram til handsaming for Kyrkjemøtet 2010. Endeleg vedtak skal gjerast av Kyrkjemøtet 2011. Dette vedtaket vil òg omfatta tidspunktet for å ta den nye tekstboka i bruk, og kva for ei rekkje ein skal byrja med.

Dersom handsaminga av ny tekstbok skulle føra til forseinking av prosessen, treng ein eit framlegg til særskilte preiketekstar for kyrkjeåret 2011-12 etter den noverande andre rekkja. Det er dette som vert lagt fram her.

### Særskilte preiketekstar 2011–12

#### Nynorsk:

Kyrkjeåret 2011-12 har evangelietekstane i 2. rekkja som preiketekst med desse unntaka:

Vingardssundagen (29/1):	5 Mos 8,7.11-18	Ikkje nytta før
Kristi forklåringsdag (12/2): 97/98	2 Pet 1,16-18	Nytta seinast
2. s. i faste (4/3):	Hebr 11,23-29	T-tekst Ikkje nytta før

1. s. etter påske (15/4): 87/88	1 Kor 15,12-21		Nytta seinast
Helgetorsdag = 17. mai:	Joh 7,14-18	T-tekst	Ikkje nytta før
Treeningsundag (3/6):	Tit 3,4-7		Ikkje nytta før
4. s. e. pinse (= Jonsok, 24/6): 06/07	Salme 139,1-12	T-tekst	Nytta seinast
6. s. e. pinse (Aposteldagen, 8/7):	Apg 9,1-18	T-tekst	Ikkje nytta før
9. s. e. pinse = Olsok (29/7):	Matt 20,25-28		
15. s. e. pinse (9/9): 87/88	Salme 103,1-6	T-tekst	Nytta seinast
19. s. e. pinse (7/10): 83/84	Fil 1,20-26		Nytta seinast
Helgemessesundag (4/11): 95/96	Salme 84,5-8	T-tekst	Nytta seinast

Teksten for Langfredag er Joh 18,1-19,30.

### Bokmål:

Kirkeåret 2011-12 har evangelietekstene i 2. rekke som pretekst med disse unntakene:

Vingårdssøndagen (29/1):	5 Mos 8,7.11-18		Ikke brukt før
Kristi forklarelsesdag (12/2):	2 Pet 1,16-18		Brukt sist 97/98
2. s. i faste (4/3):	Hebr 11,23-29	T-tekst	Ikke brukt før
1. s. etter påske (15/4):	1 Kor 15,12-21		Brukt sist 87/88
Kristi himmelfartsdag = 17. mai:	Joh 7,14-18	T-tekst	Ikke brukt før
Treenighetssøndag (3/6):	Tit 3,4-7		Ikke brukt før
4. s. e. pinse (= Sankthans, 24/6):	Salme 139,1-12	T-tekst	Brukt sist 06/07

6. s. e. pinse (Aposteldagen, 8/7):	Apg 9,1-18	T-tekst	Ikke brukt før
9. s. e. pinse = Olavsdagen (29/7):	Matt 20,25-28		
15. s. e. pinse (9/9):	Salme 103,1-6	T-tekst	Brukt sist 87/88
19. s. e. pinse (7/10):	Fil 1,20-26		Brukt sist 83/84
Allehelgensdag (4/11):	Salme 84,5-8	T-tekst	Brukt sist 95/96

Teksten for Langfredag er Joh 18,1-19,30.

### Merknader:

Framlegget omfattar 12 tekstar. Av desse er 4 frå GT og 8 frå NT.  
6 er Tilleggstekstar, merkte med T-tekstar.  
6 av tekstane har ikkje vore nytta tidlegare.

Om samanfall mellom dagar seier Tekstane i kyrkjeåret:

- a) Når 1. mai, 17. mai, Jonsok eller Olsok fell på ein sundag, avgjer liturgen som gjer teneste, kva for tekstar som skal nyttast. (Dette gjeld i den einskilte kyrkjelyden.)
- b) Når 1. mai eller 17. mai fell på Helgetorsdag eller ein av pinsedagane, avgjer kyrkjestyret kva for tekstar som skal nyttast. (Dette gjeld for heile kyrkja.)

I 2011 er det samanfall mellom Helgetorsdag og 17. mai. Med dette framlegget har kyrkjestyret avgjort at dagen skal feirast som 17. mai med Joh 7,14-18 som særskilt preiketekst.

Det er òg samanfall på 24. juni og 29. juli. Då avgjer liturgen kva for ein av dei aktuelle tekstane som skal nyttast. Men framlegget inneber at ein feirar 24. juni som 4. sundag etter pinse, med Salme 139,1-12 som særskilt preiketekst, medan 29. juli vert feira som Olsok med den normale evangelieteksten som preiketekst.

\*

### **Økonomiske/administrative konsekvensar**

Ingen

